

## **Innspel til fleirbruksstasjon på Ostereidet**

I Kvalitetsplan for oppvekst skriv ein at kommunen ønskjer å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Det vert også lagt vekt på at glede over fysisk aktivitet må starta tidleg.

Slik stoda er i dag så er det fullt belegg i gymsalen og det er vanskeleg for barnehagen å få til der vi kan disponera denne. Vi har dei siste åra fått tilgang i eit matfriminutt i veka. Dette er på eit særskilt ugunstig tidspunkt med tanke på lunsj og sovetid for dei yngste. Dette gjer at vi ikkje får nytta oss av tilbodet slik vi har behov for. Barnehagen er næreste nabo til noverande idrettsbygg/ framtidig fleirbruksstasjon og vi har ein unik moglegheit til å fremje kommunen sine mål om glede over fysisk aktivitet frå tidleg alder. Barnehagen har ein førebyggande funksjon. Det å få gode relasjoner til hallen og gode opplevingar i høve til idrett og kultur vil verke inn på dei vala borna tek seinare i livet.

Både dagleg leiar og FAU leiar for ofte spørsmål frå tilflyttarar om kvar ein kan treffa sambygdingar og kva tilbod som finnes både innan idrett og kultur. Vi ser at det er eit stort behov for ein felles møteplass der ein kan både få opplysningar og treffen andre. Dette er noko vi manglar i bygda i dag. Ein god foajé i fleirbruksstasjonen blir difor viktig i høve til å kunne dekkje dette behovet. Ein stad der foreldre og barn kan møtast, også uformelt, skapar trivsel og ei kjensle av å vera inkludert i fellesskapet. Dette er også viktige mål i Lindås kommune sin kvalitetsplan for oppvekst.

Det viktigaste for FAU og barnehagen vil difor vera:

- Tid til å nytta fleirbruksstasjonen
- Tilgang på utstyr. Rom for å lagre utstyr, evt. mulighet til å kjøpa seg inn i utstyr.
- Ein god fungerande møteplass/foajé

Siri Hindenes,

Leiar FAU Ostereidet FUS barnehage

Ruth Henanger Jordal

Dagleg leiar, Ostereidet FUS barnehage